

Vågåmo nedre del. Vang, Moen mm.

gnr. 67 (Lye)



Av Knut Raastad, august 2023



Vang. Foto frå Johan Hølmo

Vang

Husmannsskatten til kyrkja viser at i 1777 og 1782 var Joen Vangen husmann under Lye.

Ivar Johannessen Vangen 1755-1798 var husmann på Vangen under Lye. Ivar var frå Lye son til Johannes Iversen n. Kvarberg 1724-1802 og Karen Jakobsdtr. Lye 1723-1773. Ivar vart 1780 gift med Imbiør Andersdotter Strand ø f.ca.1757 d.1821, dei hadde 6 barn:

Kari 1780-1785

Anne f.1782

Rannei f.1786

Kari 1789-1791

Marit 1792-1794

Johannes 1795-1877, neste brukar

Johannes Iversen Vangen 1795-1877 vart 1817 gift med Ingebjørg Christensdotter Kjøpanger f.ca.1798 d.1878 dotter til Christen Christensen Kjøpanger f.ca.1756 og Kari Amundsdr. f.ca.1760. Johannes fekk festeseddel på plassen Vangen i 1820. Johannes og Ingebjørg hadde 8 barn:

Iver 1817-1899, neste brukar

Kari 1821-1899, g.m. Syver Syversen Storviksløkken s. 1823-1910

Christen 1824-1896, g.m. Kari Johnsdtr. Haugen f.1825

Rannei 1825-1917, g.m. Ole Nilsen Moen f.1833 (Sletmoen)

Marit f.1827, g.m. Ole Erlandsen Bråtåhaugen 1831-1893

Imbjør 1832-1910, g.m. Iver Johnsen Myhren 1825-1909

Anne 1840-1909, g.m. Iver Rasmussen Grindstuen s. 1840-1900

Vangen gnr. 67 bnr. 2 vart frådelt frå Lye i 1888 og selde med skjøte frå justisdepartementet til Iver Johannessen Vangen for kr 1600. Iver Vangen 1817-1899 vart 1845 gift med Johanne Iversdotter Øyseie 1820-1859 dotter til Ivar Amundsen Øyseie 1790-1846 og Marit Jakobsdtr. Iver og Johanne hadde 7 barn:

Iver 1844-1933, neste brukar

Christen 1847-1923

Ole 1849-1929

Johannes 1851-1857

Anders 1854-1915

Iver 1856-1890

Johan 1858-1885

I 1899 var det kjøpekontrak med salg av Vang frå Iver Johannessen til sonen Iver Iversen for kr 2800 inkl. lausøyre. Iver Johannessen 1844-1933 vart 1865 gift med Ingeborg Syversdotter

Nystuen 1844-1917 dotter til Syver Hansen Nystuen (u.Storvik) f.1807 og Ragnhild Olsdtr. f.1811. Iver og Ingeborg hadde 4 barn:

Johan 1874-1955, neste brukar

Ingwald Wilhelm 1877-1955, til Bardal i Nordland

Peder Einar f.1880, til USA

Johanne 1884-1953, g.m. Tor Sæta, til USA

I 1921 var det skjøte frå Iver Iversen Vang til sonen Johan Iversen Vang for kr 2000. Johan Iversen 1874-1955 var gift med Marit Hansdotter Holen s. 1891-1957 dotter til Hans Jakobsen Holen 1851-1921 og Ragnhild Knutsdtr. Brimi 1855-1926. Johan og Marit hadde 6 barn:

Ymbjør f.1917, g.m. Jo Hansen Hølmo f.1911

Ragnhild f.1919, g.m. Magnar Dahl f.1917

Ivar 1920-1982, neste brukar

Hulda f.1922, g.m. Bjarne Flatøy f.1919

Olaf 1923-2009, seinare brukar

Ingvald 1927-2015

I 1943 var det skjøte frå Johan Iversen Vang til sonen Ivar Johansen Vang for kr 6000 inkl. lausøyre og føderåd.

Ivar f.1920 døydde i 1982, og broren Olaf f.1923 overtok.

Johan Hølmo f.1947 son til Ymbjør Vang f.1917 og Jo Hølmo f.1911 overtok etter onkelen i 2009.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slekten på Nigard Kvarberg med Lye

Moen

Syver Olsen Moen vart nemnd under Lye i 1780 i lister over husmannpenger til kyrkja, i 1776 og 1781 vart nemnd Syver Haugen. Folketeljinga 1801 viser Syver Olsen som husmann med jord. Syver Olsen f.ca.1735 d.1823 var gift med Synne Olsdotter f.ca.1736 d.1812. Det er ikkje kjend kvar dette bruket var, men namnet Haugen var brukt om bruka både vest og aust for nåverande Moen hjå Ole Einar. Også tidspunkt for ny familie kan passe. Syver og Synne hadde 1 barn:

Kari f.1766

I 1865 vart det brukt namnet Bakken med Moen i parantes. John Hansen Kloneseie f.ca.1796 d.1852 vart 1826 gift med Kirsten Jacobsdotter Visteeie f.ca.1802. Kirsten var føderådskone

her i 1875. John Hansen er truleg han som vart nemnd i liste over husmannspenger i 1832.

John og Kirsten hadde 1 barn:

Hans 1826-1864, neste brukar

Hans Johnsen Lyeeie vart 1853 gift med Ragnhild Syversdotter Sundeeie f.1826 d.etter 1910 dotter til Syver Knutsen Sundeeie. Hans og Ragnhild hadde 2 barn:

Kjerstie f.1852, til Amerika 1873

Marit f.1855, neste brukar

Ragnhild Syversdotter f.1826 vart gift på nytt med Arne Hansen f.1831, son til Hans Arnesen Sønstlien. I 1875 var Arne Hansen skomaker og husmann med jord på Moen under Lye, han fekk festeseddel på Moen i 1878. Moen gnr. 67 bnr. 3 vart frådelt frå Lye i 1888 og seld med skjøte frå justisdepartementet til Arne Hansen for kr 400.

I 1900 var det skjøte frå Ragnhild Syversdotter til Iver Hansen for kr 800. Iver H Moen kjøpte i 1908 Hellestykket gnr. 69 bnr. 6 for kr 900, dette følgde Moen til 1948. Iver Moen Sletten Øyseie 1851-1923 vart 1876 gift med Marit Hansdotter Moen f.1855, dei hadde 8 barn:

Ragnhild 1877-1960, gm. Ole Nystuen, på Kokkehaugen

Hans f.1878

Hans 1881-1881

Iver f.1882

Hans 1885-1902

Ole f.1889, neste brukar

Kari 1891-1910

John f.1895

I 1918 var det skjøte frå Iver Hansen Moen til sonen Ole Iversen Moen på denne eigedommen samt sætra for kr 1500 inkl. lausøyre. Ole I Moen 1889-1967 vart 1920 gift med Ragnhild Skjellhaugen 1899-1979, dei hadde 3 barn:

Ivar

Agnes 1921-1974, g.m. Bjarne Høvås f.1920

Harald f.1932, neste eigar

Harald Moen vart 1962 gift med Eldbjørg Rusten f.1940 dotter til Edvin Rusten, Sel f.1918 og Andrea Bø f.1920. Harald og Eldbjørg overtok i 1971. Jorda er seld til Haugamoen. Harald og Eldbjørg har 4 barn:

Ole Einar f.1962, g.m. Anne Karin Fossen

Anne Randi f.1964, g.m. Odd Arne Tjønnholm

Hans f.1966

Marit f.1969

Moen II gnr. 67 bnr. 46, Nedre Nordheradsvegen 14, vart frådelt i 1967, dette er det gamle huset på Moen. Enkja Ragnhild Moen fekk i 1967 notert hjemmel ved uskifte. Dottera Agnes Høvås d.1974 overtok med skjøte i 1971, mannen Bjarne Høvås overtok ved uskifte i 1974. Harald Moen f.1932 overtok med skjøte i 1977.

Bjørkely gnr. 67 bnr. 44 vart frådelt frå Moen med skjøte i 1966 frå Ola I Moen til dottera Agnes Høvås 1921-1974 og svigersonen Bjarne Høvås f.1920.

Røysheim gnr. 67 bnr. 25, Våkvegen 5 vart frådelt frå Moen i 1947 med skjøte frå Ola I Moen til Kristen Sandviken f.1907. Røysheim II gnr. 67 bnr. 52 vart frådelt frå gnr. 67 bn. 43 i 1968 og skjøta frå Oskar Gården til Kristen Sandviken i 1973. I 1975 var det skjøte til Karin og Yngvar Løkken.

Mostykket gnr. 67 bnr. 12, Våkvegen 9, vart frådelt frå Moen gnr. 67 bnr 3 i 1914. Dette har truleg vore brukt saman med Haugamoen, for Anton Haugen som hadde Haugamoen fekk tinglyst grunnboksheimel i 1939. Sonen Kristian Gården overtok med skjøte i 1963.

Steingard gnr. 67 bnr. 22, Våkvegen 6 vart frådelt i 1947 med skjøte til Ivar Moen.

Rostad gnr. 67 bnr. 31, Våkvegen 4 vart frådelt i 1950 med skjøte til John Flatum.

Mogard gnr. 67 bnr. 43 vart frådelt frå Moen i 1966 med skjøte frå Ola I Moen til Oskar Gården. Dette er nedre del av jordet som såleis vart lagt attåt Haugamoen.

Gardmo gnr. 67 bnr. 54, Våkvegen 3, vart frådelt frå gnr. 67 bnr. 43 i 1972 med skjøte i 1973 frå Oskar Gården til Else og Tor Brun.

Nordnes gnr. 67 bnr. 56, Nedre Nordheradsvegen 16, vart frådelt frå gnr. 67 bnr. 43 med skjøte i 1974 frå Oskar Garden til Are Normann Garden f.1949.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Norske gardsbruk 1953 - 1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Moen – G-Moen

Erik Hansen Angardeie, Dovre f.ca.1799 d.1851 vart 1827 gift med Ingeborg Hansdotter Klonesieie 1804-1890. Frå barnefødsel i 1844 var dei på Lyeeie. I 1865 var enkja husmann med jord på Moen. Erik og Ingeborg hadde 5 barn:

Kari f.1827, g.m. Anders Iversen Blessumeie f.ca.1826, til Jordmorstugu

Guri 1836-1836

Guttorm 1838-1838

Guttorm 1840-1912, neste brukar

Hans f.1844

I 1875 var Guttorm Eriksen sersjant og husmann med jord på Moen. Han fekk i 1874 festeseddel på Moen. Guttorm vart 1868 gift med Imbjør Hansdotter Haugen 1839-1912 dotter til Hans Olsen Prestgardseige. Moen gnr. 67 bnr. 4 vart frådelt frå Lye i 1888 og seld med skjøte frå justisdepartementet til sersjant G Mo for kr 400. I 1910 var Guttorm E Mo pensjonist og gardbrukar.

I 1912 var det skjøte frå furer G. Mo til kasserer Torstein O Lunn for kr 3250 inkl. lausøyre.

I 1928 var det skjøte frå T O Lunn til Carl A Moe for kr 11000, men i 1930 var det skjøte attende til bankkasserer T. O. Lunn for kr 10000.

I 1933 var det skjøte frå T. O. Lunn til Olav Nyløkken for kr 5000. I 1953 vart dette bruket nemnd som søre Moen. Olaf Nyløkken f.1901 vart 1926 gift med Marit Sandviken, dei hadde 2 barn:

Margit

Arne Jorleif

I 1941 vart det tinglese leigekontrakt for 5 år frå Olav Nyløkken til Amund Sandviken, i 1942 vart leigeperioda forlenga med 4 år til 1950.

I 1964 vart 8 da bortfesta til Vågå kommune, dette utgjør del av området til Vågåmo skule. Øvre delen av Moen vart frådelt i 1976 som gnr. 67 bnr. 58 med skjøte frå Marit Nyløkken til Vågå kommune og er nå øvre delen av skuletomta.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Norske gardsbruk 1953 - 1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Moen – Stensrud

Moen gnr. 67 bnr. 5 vart frådelt frå Lye i 1888 og seld frå justisdepartementet til Johannes Dahl for kr 150. Det var Johannes Dahls enkje Ragnhild Dahl som skreiv ut ein pantobligasjon i 1900. Skreddar Johannes Dahl 1834-1891 var son til Nils Olsen Dalestuen f.ca.1791 d.1864 og Marit Jakobsdtr. f.1799. Han vart 1863 gift med Ragnhild Olsdotter Rottensbakken f.1835. I 1865 budde dei på plass under Lye som kan vera her. I 1875 var han skreddar og husmann med jord på det som vart nemnd som Moen eller Skreddarstugu.

I 1908 vart Moen delt i gnr. 67 bnr. 5 Stensrud og gnr. 67 bnr. 10 Nymoen, og Nymoen som ligg på andre sida av vegen vart seld til Paul Kolstad. Hans Storvik må ha kjøpt den attverande delen av Moen (Stensrud) gnr. 67 bnr. 5 for i folketeljinga 1910 er han nemnd som gardeigar på Moen. Hans Storvik 1877-1951 son til Steinar Johannessen Sveine Storvik m. 1812-1879 og Anne Jørgensdtr. Sveine 1835-1911 var gift med Helene Lundh f.1882 dotter til

Anders Lundh 1851-1930 og Julie Caroline Cristensen 1855-1914. Hans og Helene hadde 5 barn:

Aslaug f.1904, g.m. Torkild Kvarberg
Ingrid f.1908
Steinar 1912-1995, neste brukar
Anders f.1915
Anna f.1919

I 1917 var det skjøte frå Hans Storvik til kontorist O. J. Svare for kr 6550, dette var vedteke av skiftebuet etter Johannes Dahl og hustru. Ola Jakobsen Svare f.1889 var gift med Mari Einarsdotter Kveen f.1895, dei hadde 2 barn:

Aslaug f.1916, g.m. Knut Fredrik Ødegård f.1912
Ingrid, g.m. Sigurd Granrud

I 1980 var det skjøte til Vågå kommune. Moen er i dag øvste og austre delen av omsorgsbustadar nedanfor Vågåheimen.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Skomakerstugu

I 1875 var Isak Larsen 1833-1897 husmann og skomaker. Skomagerstuen gnr. 67 bnr. 6 vart frådelt frå Lye i 1888 med skjøte frå justisdepartementet til Isak Larsen for kr 80. Isak var son til Lars Imbertsen Prestgardseie. Han vart 1865 gift med Anne Pedersdotter Skjellum f.1842. I 1865 var dei inderst på Bakken-Moen. I 1900 budde enkja Anne P Moen i Skomakerstugu. Isak og Anne hadde 1 barn:

Anne 1872-1872

I 1910 budde handelsbetjent Syver E Berge f.1882 og kona Ingeborg f.1887 i Skomakerstugu saman med sonen Erland f.1907.

I 1919 var det auksjonsskjøte til Kari Storviksæter for kr 2300. Kari Storviksæter budde på 1950-talet i ei stugu synst på Kjøpangerjordet ved Kjøpangergjeilen, kanskje i huset etter Ingrid Visteløkken?.

I 1944 var det skjøte frå skifteretten i Marit Tøftes dødsbu til Jo Hølmo for kr 2000, hjemmelsinnehaver Kari Storviksæter vedtok skjøtet. Jo Hansen Hølmo f.1911 var gift med Ymbjør Vang f.1917.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljinger

Norske gardsbruk 1953 - 1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljinger, avskrifter pantebøker mm.

Flatmo

Jon Thordsen f.1768 d.1855 var son til Marit Toresdtr., faren var Tord Olsen Haugen. Jon vart 1796 gift med Karen Andersdotter f.ca.1763 d.1836 dotter til Anders Ulen. I 1801 var Jon inderst og skreddar under Lye. Jon og Karen hadde 3 barn:

Hans 1797-1871, neste brukar

Marit f.1801

Ole 1804-1868, g.m. Ragnhild Olsdtr. Skjedsvoldhaugen 1804-1885. Til Kokkehaugen.

I 1865 var Hans Johnsen 1797-1871 husmann med jord. Han fekk i 1833 festeseddel på Flatmoen og er truleg han som vart nemnd i liste over husmannspenger i 1832. Hans Jonsen Lyeneie vart 1816 gift med Anne Johansdotter nördre Grindstugu f.ca.1794 d.1867 dotter til Johan Olsen Finnsbrustugu 1752-1804 og Marit Nilsdtr. Grindstugu n 1760-1805. Hans og Anne hadde 8 barn:

Kari 1816-1817

Kari f.1818

Marit f.1821

John 1823-1868, drukna

Anne f.1827

Thora f.1830

Karen f.1833, ho hadde sonen Hans Olsen f.ca.1859

Johan f.1837, neste brukar

Johan Hansen 1837-1914 fekk i 1874 festebrev på Flatmo. Flatmo gnr. 67 bnr. 9 vart frådelt frå Lye i 1900 med kongeleg skjøte til Johan Hansen Moen for kr 500. Johan H Flatmo f.1837 var gift med Anne Hansdotter Gudbrandstuen 1840-1934, dotter til Hans Thoresen Gudbrandstugu 1810-1887 og Guri Jakobsdtr. Haugen, Sel 1808-1894. Johan og Anne hadde 5 barn:

Hans 1869-1869

Hans f.1870, på Flatmo i 1910

Guri 1872-1954, neste brukar

Hans f.1876

Anders 1881-1881

I 1923 var det skjøte frå Anne Hansdotter Flatmo i uskifte bu etter Johan Flatmo til dottera Guri Johansdotter Flatmo for kr 2500 inkl. lausøyre. Guri hadde 1 barn:

Johan 1903-1985, faren var Ole Knutsen Nystuen f.1875

Johan Flatmo 1903-1985 overtok Flatmo etter mora Guri i 1948, heimelsovergang vart tinglyst 1954.

I 1986 vart det tinglyst heimelsovergang til Magnhild f.1914 og Ivar A Storvik f.1910, og i 1987 var det skjøte til sonen deira Hermann Storvik f.1945.

Parklund gnr. 67 bnr. 16, Moavegen 30, vart frådelt frå Flatmo i 1939 med skjøte til Ivar A Storvik f.1910 for kr 450,-. Ivar Storvik gift med Magnhild Mohn.

Vintertun gnr. 67 bnr. 34, Moavegen 28, vart frådelt frå Flatmo i 1956 med skjøte til Nils Haugen 1910-1976 for kr 2500. Nils Haugen gift med Ragnhild.

Strandmo gnr. 67 bnr. 42, Moavegen 29, vart frådelt frå Flatmo i 1965 med skjøte til Arne Strand f.1937 for kr 3000. Arne Strand gift med Eli Storvik. I 1988 var det skjøte til Gunhild f.1912 og Tor Reiremo f.1913.

Flateng gnr. 67 bnr. 53, Moavegen 33, vart frådelt frå Flatmo i 1969 med skjøte i 1970 til Hans N Valde f.1941 for kr 6000. Hans var gift med Reidun.
Gnr. 67 bnr. 75 er frådelt seinare til dottera Mette Ragnhild.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Nymoen

Nymoen gnr. 67 bnr. 10 vart skyldsett og frådelt frå gnr. 67 bnr. 5 Moen i 1908. I 1908 var det auksjonsskjøte til Paul P Kolstad for kr 2000. I 1910 var den ugifte Paal P Kaalstad f.1847 gardbrukar og snekker.

I 1922 var det skjøte frå Paul P Kolstad til Hans Storvik for kr 15000, skjøtet omfatta også Eksercerpladsen gnr. 66 bnr. 33 som vart samanføygd med Nymoen i 1943. Hans Storvik og familien budde på Nymoen i 1920 og kan ha kome der da han selde Moen i 1917. Hans Storvik 1877-1951 son til Steinar Johannessen Sveine Storvik m. 1812-1879 og Anne Jørgensdtr. Sveine 1835-1911 var gift med Helene Lundh f.1882 dotter til Anders Lundh 1851-1930 og Julie Caroline Cristensen 1855-1914. Hans og Helene hadde 5 barn:

Aslaug f.1904, g.m. Torkild Kvarberg

Ingrid f.1908

Steinar 1912-1995, neste brukar

Anders f.1915

Anna f.1919

I 1946 var det skjøte frå Hans Storvik til sonen Steinar Storvik for kr 9000 inkl. lausøyre. Steinar f.1912 vart 1941 gift med Astrid Kleiven f.1916 dotter til Ingvald Kleiven f.1887 og Torø P Finstad f.1891. Steinar og Astrid hadde 2 barn:

Hans Ivar f.1945, g.m. Bodil Fløttum
Tone Helene f.1954, g.m. Jon Kristiansen

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Torestugu

Soldat Tore Jonsen d.1845 vart 1801 gift med Anne Olsdotter f.ca.1777 d.1857. Tore vart nemnd i liste over husmannspenger i 1832. Tore og Anne hadde 5 barn:

Imbiør f.1799, g.m. John Torsteinssen 1796-1886, Lillesæter Stenfinnsbøeie i Heidal
Jon 1802-1824
Ole 1804-1844, neste brukar
Mari f.1806, g.m. Peder Olsen Knudsenplads
Hans f.1808

Ole 1804-1844 vart 1833 gift med Rønnog Johnsdotter Mestrand f.ca.1805 d.1870. Ei kartskisse frå 1860 viser Rønnaug Torestugun ovanfor Torestugu, d.v.s. at ho da hadde eit eige hus. Ole og Rønnog hadde 2 barn:

Barbro 1832-1836
Ole f.1842, ugift i Torestuen i 1865

Tore Jonsson 1827-1911 frå Lillesæter Stenfinnsbøeie i Heidal var son til Ingeborg Toresdotter f.1799 og John Torsteinsen, Ole Torestuen var dermed onkelen hans. Tore vart 1852 gift med Anne Rasmusdotter Snikkerstugu f.1825 dotter til Rasmus Jakobsen Snikkerstugu 1798-1854 og Ingri Svensdtr. Haagenstadeie 1796-1870. Thore Jonsen fekk festeseddel på Thorestuen i 1858, men familien budde på Lyeneie ved barnefødsjar frå 1853. I 1910 var han enkjemann, husmann og jordbruksarbeidar og budde saman med dottera.. Tore og Anne hadde 9 barn:

John f.1850
Ingri 1853-1853
Ingri f.1854
Jacob f.1857
Imbjør f.1858
Rasmus f.1862
Ole f.1864-1870
Anne f.1868, i Torestugu i 1910
Johanne f.1871

Torestuen gnr. 67 bnr. 11 vart frådelt frå Lye i 1912 med kongeleg skjøte i 1913 til Thor O Haug for kr 5160. Thor Haug 1882-1968 var gift med Charlotte Vindås 1876-1939. Da stugu i Torestugu brann i 1946 flytta familien til Haug. Thor og Charlotte hadde 8 barn:

Ola 1909-1991, neste brukar
Anna 1910-1997, g.m. Knut Sønstelien f.1904
Ragnhild 1911-1956
Kari f.1913
Margit 1914-1998, g.m. Per Skeidsvoll 1905-1995
Thoralf 1916-1965
Harald 1920-1999, g.m. Ella Skogheim 1923-1985
Helge 1920-1920

I 1946 var det skjøte frå Thor Haug til sonen Ola T Haug for kr 5780 inkl. lausøyre. Ola Haug 1909-1991 vart 1934 gift med Lina Opheim 1915-1990, dei hadde 4 barn:

Solveig f.1933, g.m. Knut Herlofsen
Liv f.1940, g.m. Knut Bækken
Thor f.1947, neste eigar
Reidun f.1951, g.m. Asbjørn Letrud

Thor overtok etter faren i 1991, han vart 1974 gift med Aase Sønsteng f.1948 dotter til Per Sønsteng f.1905 og Ingrid Storvik f.1908. Thor og Aase har 2 barn:

Inger Lise f.1977
Charlotte f.1983

Bjørke gnr. 67 bnr. 21, Torestugujeilen 10, vart frådelt frå Torestugu i 1946 med skjøte i 1947 frå Thor Haug til sonen Harald Haug f.1920, g.m. Ella d.1985. Sonen Trond Ole f.1952 overtok i 1989.

Falk gnr. 67 bnr. 24, Torestugujeilen 12, vart frådelt frå Torestugu i 1946 med skjøte i 1950 frå Ola T Haug til Ivar Vetleseter.

Akre gnr. 67 bnr. 26, Torestugujeilen 8, vart frådelt frå Torestugu i 1948 med skjøte frå Ola Haug til Ragnvald Braaten d.1990. I 1990 var det hjemmelsovergang til Ruth Fossen f.1945.

Flatset gnr. 67 bnr. 40, Torestugujeilen 6, vart frådelt frå Torestugu i 1964 med skjøte frå Ola Haug til Halvdan Brenden.

Torestugujeilen 4 gnr. 67 bnr. 68 vart frådelt frå Flatset gnr. 67 bnr. 40 med skjøte i 1984 frå Halvdan Brenden til sonen Hans Brenden f.1958.

Thorshaug gnr. 67 bnr. 57, Grindstugulego 29, vart frådelt frå Torestugu i 1975 med skjøte frå Ola Haug til sonen Thor.

Haugland gnr. 67 bnr. 45, Nedre Nordheradsvegen 11, vart frådelt frå Torestugu i 1966. I 1991 var det skjøte frå Ola T Haugs dødsbu til Magnus Vetlesæter f.1903.

Haugvoll gnr. 67 bnr. 55, Nedre Nordheradsvegen 15, vart frådelt frå Torestugu i 1974 med skjøte frå Ola T Haug til Asbjørn Letrud f.1948.

Åkre gnr. 67 bnr. 39, Nedre Nordheradsvegen 13, vart i 1963 frådelt frå Torestugu med skjøte i 1964 frå Ola T Haug til Knut Laengen f. 1921. Margit Laengen f.1923 fekk hjemmel ved uskifte i 1985.

Nymo gnr. 67 bnr. 38, Nedre Nordheradsvegen 17, vart frådelt frå Torestugu med skjøte i 1961 frå Ola T Haug til Halvdan Grevrusten f.1936.

Vangland gnr. 67 bnr. 30, Steinomsjeilen 5, vart frådelt frå Torestugu i 1950 med skjøte frå Ola T Haug til Syver Vetlesæter (Hovdkinn) f. 1906.

Steinastad gnr. 67 bnr. 17, Steinomsjeilen 7, vart frådelt frå Torestugu i 1942 med skjøte frå Thor O Haug til svigersonen Per J Skjedsvold f.1905. I 1970 var det skjøte til Magne Skeidsvoll f.1944 og Leif Skeidsvoll f.1955.

Stein gnr. 67 bnr. 23, Steinomsjeilen 9, vart i 1946 frådelt frå Torestugu med skjøte i 1950 frå Ola T Haug til Olav Groven 1902-1964. Enkja Sigrid fekk hjemmel ved uskifte i 1964.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter Vågå og Lom, slekten på Fellese med Helle

Knut Raastad, Jutulen 2017: Jakob Sæterdalen og slekta hans

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Arnfinn Engen, 2012: Gards og slektshistorie for Heidal, bind 2

Torestugu

I 1865 var det også ei anna Torestugu under Lye. Anne Pedersdotter f.ca.1809 var husmann utan jord. Ho hadde da pleiesonen Syver Olsen f.ca.1849.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: folketeljingar

Moen – Kjørarstugu

I 1865 var John Johnsen f.ca.1793 kyrkjetenar og husmann med jord under Lye. Han var gift med Mari Arnesdotter f.ca.1795. Ei kartskisse frå 1860 viser **Jo kjørar**, dette låg nedanfor Torestugu. I 1875 var John Johnsen f.1798 enkjemann og føderådsmann, dette kan vera den same. Da er det kalla Moen eller Kjørerstuen.

Hans Olsen f.1838 var i 1875 skreddar og husmann med jord. Hans Olsen Kleppeeie var son til Ole Olsen Kleppeeie. Hans var gift med Marit Hansdotter Daleeie, Sel f.1848 dotter til Hans Christensen Daleeie. Hans og Marit hadde 4 barn:

Hans 1869-1929, g.m. Kari Jakobsdtr. Husehaugen 1864-1953. Til Fagernes og Fagerli

Rannei 1872-1872

Ole f.1873

Syver 1877-1877

Nedre Nordheradsvegen 19 har namnet Kjørarheim, medan Nedre Nordheradsvegen 21 og Steinomsjeilen 1 utgjorde Kjørarstykket. Dette tyder på at Kjørarstugu låg her. D.v.s. at frå sist på 1800-talet har Kjørarstugu vore ein del av Torestugu.

Kjørarheim gnr. 67 bnr. 32, Nedre Nordheradsvegen 19, vart frådelt frå Torestugu i 1953 med skjøte frå Ola T Haug til Syver Plassen.

Kjørarstykket gnr. 67 bnr. 20 (Nedre Nordheradsvegen 21) vart frådelt frå Torestugu i 1946. I 1968 var det skjøte frå Thor Haugs dødsbu til Bjørn Rasmus Groven f.1938. I 1978 var det skjøte til Knut Berg f.1946 og Karin Oddbjørg Berg f.1947

Dål gnr. 67 bnr. 60, Steinomsjeilen 1, vart i 1978 frådelt frå Kjørarstykket gnr. 67 bnr. 20 med skjøte frå Bjørn Groven til Sigmund Vassend f.1947 og Berit Løkken Vassend f.1948.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: folketeljingar

Olea

I 1910 budde Marit J Haugen i ei stugu på Lyegrund, dette var ovanfor Torestugu der Asmund Damstuen bygde. Marit f.1837 d.1911 var frå Haugen vest for Gudbrandstugu, dotter til Johannes Andersen f.ca.1807 og Eli Hansdotter f.ca.1808. I 1900 budde Marit og dottera i stugu på prestgards grunn som truleg var Haugen. Marit var ugift, men hadde 2 barn:

Olea Jacobsdotter 1864-1940, faren var Jacob Olsen Storvikseie

Gunhild Olsdotter f.1871 (fødd i Oppdal)

Olea 1864-1940 var kjend som «stor-Olea», ho budde truleg i stugu ovanfor Torestugu til ho døyde i 1940.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: folketejingar

Kokkehaugen

I 1801 var Jon Thoresen husmann med jord under Lye. John Haugen vart nemnd i liste over husmannspenger i 1805 og 1832. Jon Toresen f.ca.1749 d.1855 vart 1780 gift med Kari Pedersdotter f.ca.1756 d.1825. Jon og Kari hadde 5 barn:

Peder f.1780

Barbro f.1792

Gunild f.1796

Jon f.1798

Marit 1802-1870, hadde med Ole Johnsen Brattland 1813-1872 dottera Anne 1840-1886

I 1865 var Ole Johnsen 1804-1868 husmann med jord. Opplysning på kart etter Jo Nystugun viser at Ole var bror til Hans Flatmo, foreldra var Jon Tordsen Flatmo 1768-1855 og Marit Toresdtr. Ole vart 1833 gift med Ragnhild Olsdotter Skjedsvoldeie nørdre Skjedsvollhaugen 1804-1885 dotter til Ola Gundersen 1759-1812 og Brit Rasmusdtr. Karusbakken 1766-1842. Ole og Ragnhild hadde 8 barn:

Karen f.1833, hadde dottera Kari Kokkehaugen f.1857

John 1836-1836

Anne 1836-1836

Anne f.1837, g.m. Ole Olsen Pressmo 1834-1917, på Kokkehaugen i 1865, hadde barna
Ole f.ca.1861, Anne f.ca.1863, Ole f.1866. Til Bråten

Marit f.1840

Anne f.1843, til USA 1870

John 1846-1847

Kari f.1848

I 1886 var det husmannsfestekontrakt frå Lye til Kristen Johannessen og hustru på Kokkehaugen og Vetleperløkken. Kristen Johannessen Vangen 1824-1896 var son til Johannes Iversen Vangen. Kristen vart 1854 gift med Kari Johnsdotter Lyeneie f.ca.1825 d.1894 dotter til John Hansen. I 1865 var Kristen og Kari på Vangen, men i 1875 var dei på Haugen som kan vera Kokkehaugen. Kristen og Kari hadde 8 barn:

Ragnild 1846-1902, neste brukar

Kari f.1851

Johannes f.1853, g.m. Martine Mathiasdtr. f.1857

Ole f.1855, til Halden i 1874

Iver 1856-1857

Iver 1857-1857

Imbjør f.1859, til USA i 1881

Iver f.1861, til USA i 1881

Ole Knutsen Saghaugen og hustru Ragnhild Kristensdotter fekk i 1897 husmannsfestekontrakt med Lye på Kokkehaugen, Vetleperløkken og Snedkerstuen. I 1900 var Ole K Kokkehaugen f.1848 husmann med jord. Ole Knutsen Saghaugen f.1848 var son til Knut Erlandsen Østremseie. Ole vart 1878 gift med Ragnhild Kristensdotter Vangen 1846-1902.

I 1910 budde gardsarbeidar Knut Ø Kokkehaugen f.1845 på Kokkehaugen, han var gift med Barbro P Kokkehaugen f.1839. Dei hadde sonen:

Ole K Kokkehaugen f.1875, kanskje det er neste brukar

Kokkehaugen gnr. 67 bnr. 13 vart frådelt frå Lye i 1922 med kongeskjøte til Ola K Nystuen for kr 4260. Ola Nystuen 1875-1946 vart 1920 gift med Ragnhild Moen 1877-1960 dotter til Iver Hansen Sletten Moen 1851-1923 og Marit Hansdtr. Moen f.1856.

Ragnar Andresen som var eigar av Lye kjøpte Kokkehaugen i 1959.

Arne Iversen som var forpaktar på Lye kjøpte Kokkehaugen i 1973. Arne Iversen, Gjøvik 1921-1981 son til Gustav Iversen og Kristine K Kristofferstuen, Fåberg vart 1948 gift med Oddbjørg Lyngved, Lom 1929-1984 dotter til Knut Lyngved og Mari Brimi. Arne og Oddbjørg hadde 3 barn:

Torill f.1949, g.m. Magnar Kolden, Lom

Knut Inge f.1956, neste brukar

Gunn f.1960

Knut Inge Iversen overtok i 1982. Han vart 1979 gift med Karin Solbakken, Lom f.1959 dotter til Tor Solbakken f.1927 og Ingebjørg Ekle f.1926. Knut og Karin har 2 barn:

Inger Lise f.1977

Arne Ingar f.1981

Solvang gnr. 67 bnr. 18, Steinomsjeilen 6, vart frådelt frå Kokkehaugen i 1945 med skjøte i 1946 frå Ragnhild Nystuen til Knut K Sortdal d.1971. I 1960 kjøpte han attåt tilleggsareal gnr. 67 bnr. 37 frå Lyen skog. I 1972 var det hjemmelsovergang til stedottera Julie Schult, Bjørn og Marit Groven kjøpte med skjøte i 1972. I 1979 var det skjøte til Frøydis og Mathias Øvsteng, og dei skjøta same året til Olaug f.1925 og Kristen Holø f.1924.

Steinom gnr. 67 bnr. 69, Steinomsjeilen 4, vart frådelt frå Kokkehaugen i 1986 med skjøte frå Knut Iversen til Anne Marie Larsen f.1953 og Terje Olav Larsen f.1948.

Perlykkja gnr. 67 bnr. 70, Steinomsjeilen 2, vart frådelt frå Kokkehaugen i 1986 med skjøte frå Knut Iversen til Harry O Larsen f.1923, medhjemmelssinnehavar var Torbjørg Anna Larsen f.1926.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Storsteinen – Steinom

Storsteinen låg like vest for jordet på Vang.

I 1865 var John Hansen husmann med jord, i 1875 husmann utan jord. John Hansen Lyeeie 1820-1879 vart 1847 gift med Guri Nilsdotter Prestgardseie Sletmo 1825-1904 dotter til Nils Olsen Moen 1793-1874 og Marit Olsdotter Visdal f.ca.1803 d.1884. I 1900 budde Guri i Storsteen og nemnd som husmann. John og Guri hadde 9 barn:

John 1847-1921, g.m. Anne Rasmusdr. Klonesbakken 1852-1886, g.2.m. Anne Olsdr. Sørumsseie f.1862, til Steinomstugu

Ole f.1850, g.m. Mari Jonsdr. Til Jukulen

Johannes f.1852

Marit f.1855

Johan f.1857, neste brukar

Kari f.1860-1941, g.m. Peder Knutsen Ødegården (Arnøygarden) 1858-1928

Rønnaug f.1865

Anne f.1865

Andreas f.1868

Johan Steinom f.1857 vart 1882 gift med Mari Syversdotter Rundhaugen under Håkenstad 1856-1946. I 1910 budde Mari S Steinom i stugu på Håkenstad grunn, truleg på Øyen i Vågåmo. Johan og Mari hadden 5 barn:

John f.1882, g.m. Marit Kristensdotter f.1873, barn Ragnvald f.1903

Guri f.1884, u.g. 1910, barn Jan Steinum f.1908

Kari f.1886

Gunnild f.1889, g.1913 m. Ragnar Fredrik Kjelstrup, Kristiania f.1890

Marit f.1893, g.1910 m. Jakob Jakobsen Husehaugen f.1867

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: folketeljingar

Bjørn Husehaugen

Steinomstugu

John Johnsen Storsteinen 1847-1921 son til John Hansen 1820-1879 og Guri Nilsdr. Sletmo 1825-1904 vart 1881 gift med Anne Rasmusdotter Klonesbakken 1852-1886, dei hadde 2 barn:

Johan f.1884

Johanne f.1886, gift Skjellum

John Johnsen vart 1887 gift på nytt med Anne Olsdtr. Sørumeje Svarttjønnulen f.1862. I 1900 budde dei i Steinomstugu og i 1910 vart dette nemnd som stugu på Lyen grunn.

Knutsbu/Steinom gnr. 67 bnr. 29 vart frådelt frå Lyen skog i 1949 med skjøte i 1950 frå kyrkjedepartementet til Per Skjedsvoll. I 1955 selde Per Skjedsvoll eigedommen til Isaac Knutzen. Gnr. 67 bnr. 36 vart i 1960 frådelt frå Lyen skog med skjøte til Isaac Knutzen. I 1972 var det skjøte frå Isaac Knutzen til brordotters son Bredo Hageberg f.1953.

I 1985 var det skjøte til Arne f.1911 og Hulda Vaagaasar Pedersen f.1928.

Hans Groven f.1945 og Ragnhild Standal Groven f.1943 kjøpte med skjøte i 1989.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: folketeljingar

Bjørn Husehaugen

Moen – Vetlsnikkern

I 1865 var Hans Hansen f.ca.1795 frå Lom snekker og husmann utan jord under Lye. Ei usikker kartskisse frå 1860 viser at Hans snikkar budde vest for det Moen som nå er hjå Ole Einar, men ei anna skisse viser at det låg på øvre sida av vegen, vest for Kjørarstugu. Hans var ugift, men budde saman med den ugifte Imbjør Hansdotter f.1817 som hadde sonen

Ole Hansen f.ca.1854

Hans Hansen f.ca.1844 var inderst.

I 1875 levde ugifte Imbjør Hansdotter f.1817 av handarbeid.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: folketeljingar

Lyen skog

Lyen skog gnr. 67 bnr. 15 vart frådelt frå Lye gnr. 67 bnr. 1 i 1923 da staten selde Lye, staten heldt såleis att eit stort areal.

Voll gnr. 67 bnr. 28, Torestugujeilen 1, vart frådelt frå Lyen skog i 1949 med skjøte i 1954 frå kyrkjedepartementet til Asmund Damstuen d.1989. Sigrid Damstuen fekk i 1989 hjemmel ved overgang til uskifte.

Grindstugulego 27, gnr. 67 bnr. 72 vart frådelt frå Voll i seinare år, Per Damstuen bygde der.

Leirbakken. Vågå kommune fekk i 1968 festekontrakt på gnr. 67 bnr. 15 f.nr. 1, delar av arealet var frå prestgarden gnr. 66 bnr. 1. Kommunen festa tomtene vidare i 1969. Dette er gnr. 67 bnr. 15 festenr. 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10 og 11 med adresse i Leirbakken.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister